



Aurora Sofie ( 9 år ) og Gunn Eli syner stolte fram troll og ugler i lia ved Kleivadalen.

**Kreative og fantasifulle tiltak i ei koronatid slår om seg. Mykje av dette er på nettet, men i skogen i Kleivadalen og i lia ovom Ospelunden finn vil troll, ugler og andre figurar monterte i ei rot. Ein benk med fotskammel kom på plass i går og alt no er det valfarting av born og vaksne som vil sjå plassen og installasjonen.**

Gunn Eli Guddal saman med barnebarnet Aurora Sofie Guddal Tarberg tok initiativet og er skaparane bak figurane og monteringa. Mannen og bestefaren, Håkon Guddal, har hjelpt til. Ansikta er forma i modellkitt, steikt i ovnen. Armar og bein er av streng. Alle kroppsdelane er påkledde med tøva saueull.

To ugler er på plass, ei stor og ei lita. Dei tre bukkane bruse er på veg over brua. Det er rett nok to bukkar og eit esel. Eit anna eventyr er bakgrunnen for figuren Trollet med tre hovud, men berre med eit auga. Mellom 10 og 15 figurar er på plass. Samlinga kan auka.



Ugler har oversikten og bukkane er på veg over brua.

Så er spørsmålet. Kor finn vi plassen. Dersom du går stien mot Halsatoppen frå Kleivadalen og kjem opp i granfeltet, går du til venstre 50 meter før du kryssar Kleivadalsbekken. Plassen er merka med ei raud sløyfe. Du går om lag 100 meter på sti inn i lia og du er i trollrota.

Redaksjonen er takksam for tips og meldingar om tilsvarende kreative tiltak.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Aurora Sofie har brukt nokre av formings- og naturfagtimane i arbeidet med trollrota.



